



Klamra-slekto samla til treff sommaren 2007! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Klamra-slekto i Uskedalen har slektstreff på opphavsgarden kvart einaste år!  
Slekta må med andre ord vera prega av ualminneleg godt samhald og ein tilhørigheit til røtene sine som ein skal leita langt for å finna maken til.**

Slektstreff er slett ikkje noko uvanleg i våre dagar, men slektstreff i same slekta kvart einaste år er heller sjeldan.

2007-treffet vart halde på Klammeren (siste garden før ein kjem til Vonheim og Haugland gamle skule) laurdag kveld. Treffet blir alltid lagt til ei helg kring olsok Og det plar aldri å vera færre enn 60-70 deltakarar – med rundt 100 som topp.

Denne gongen var det deltakarar frå Oslo-området, Østfold, Voss, Bømlo og Eikelandsosen i tillegg til den faste "stammen" frå Uskedalen..

Kor mange deltakarane var i år kunne ikkje primus motor og Klammeren-eigar Kjell Magne Haugland svara på då uskedalen.no spurde laurdag kveld. Det blir fyrst klart når dei søndag morgon reknar kor mange som har skreve seg inn i boka! Då blir det også klart kor mange av deltakarane i år som heiter Haugland!

Det er etterkommarane etter Maren (død 1954) og Kristoffer (død 1958) Haugland som samlast på denne måten. Dei hadde ein ungeflokk på åtte og kulla ned gjennom åra har også vore store.

Startskotet for den fine tradisjonen gjekk i 1985, då det var slektsstevne på Vonheim. Året etter var det ikkje noko treff, men sidan har det truleg vore det kvart einaste år.

Eit nytt, desidert høgdepunkt vart nådd i 2005, då slekta hadde 20-årsstemne i det nye Aktivitetshuset. Då var 200 av 230 etterkommarar etter Maren og Kristoffer på plass!

- Korleis er så programmet, Kjell Magne?

- Vi har ikkje noko bestemt program bortsett frå at vi grillar. Det er igrunnen nok at vi har ein triveleg kveld saman. Sjølv sagt kan det henda at nokon spelar litt på ymse instrument, men alt skjer herleg spontant og uplanlagt.

Men ein kan godt slå fast at det igrunnen er ein gamal tradisjon som blir markert på dette viset, for då eg vaks opp var det liv her heile sommaren. Det vrimla av feriefolk.

Slekta har med andre ord alltid kjent seg sterkt knytt til staden og banda har altså på ingen måte vorte svakare med åra.

Av Ola Matti Mathisen



Grill-middag er den einaste planlagte post på programmet under slektstreffet. (Foto: Ola Matti Mathisen)